



# Program 2023-2027

**Samnanger Høgre sitt program  
og valliste - kommunevalet 2023**

**Me trur på Samnanger**



## Program 2023-2027 - Ein periode med moglegheiter

Kjære Samning!

Du kan påverka samansetjinga av kommunestyret kommande periode.

Det er val til hausten og du som innbyggjar og veljar kan påverka utviklinga i kommunen!

### Samnanger – der du vil leva og bu!

Samnanger Høgre vil vera med og påverka kommunen si utvikling slik:

#### Helse og omsorg

Samnanger kommune skal ha gode omsorgstenester. Høgre trur på valfridom innan helse og omsorgssektoren.

Samnanger Høgre arbeider for:

- å sikra eit legevaktsamarbeid i retning Bergen
- eit godt tilbod til dei som treng sjukeheims plass eller hjelp heime
- å etablera bufelleskap for eldre nær Bjørkheim
- å sikra stabilt og trygt arbeidsmiljø i tenesta

#### Skule og barnehage

Skule og oppvekst er eit prioritert område for Høgre.

Samnanger Høgre arbeider for:

- å auka bemanninga i barnehagane gjennom heile opningstida
- at SFO har ope i feriar, utan tillegg i foreldrebetalinga
- stabilt og godt arbeidsmiljø og samarbeid i oppvekstsektoren
- at skulen har midlar til å gje den einskilde elev ei god opplæring
- eit nytt utval for oppvekst og omsorg med høgt fokus på skule, barnehage og helse

#### Fritid/Miljø

I Samnanger har me mykje vakker natur som flest mogleg skal få glede av.

Samnanger Høgre arbeider for:

- at turstiar vert rydda, merka og haldne ved like
- å laga og iverksetja plan for ein utsleppsneutrale kommune innan 2030
- ein fleirbrukshall, men ikkje på bekostning av lovpålagte tenester

#### Samferdsel/Infrastruktur

Samnanger Høgre arbeider for:

- å byggja ny brannstasjon på strekninga Bjørkheimsområdet-Haga
- eit betre kollektivtilbod og same takstzone som Bergen
- betre veg mellom Hisdal og Rolvsvåg (Os) FV579
- trafikk sikre kryss, gang- og sykkelveg langs heile FV49
- å gjere breiband og mobilnett tilgjengeleg i heile kommunen
- å tetta vedlikehaldsgapet på kommunal infrastruktur (veggar og bygg)
- at flest mogleg får tilgang til kommunalt vatn og avlaup
- Engasjement i pågåande arbeid med veg- og jernbaneprosjekt i nærområdet (E134, E16, Fv49, Fv 579 Hisdal-Os)

#### Næring og verdiskaping

Høgre støttar både private og offentlege initiativ som kan fremja eit aktivt næringsliv.

Samnanger Høgre arbeider for:

- å styrka Bjørkheimsområdet som sentrum og handelssenter
- auka bustadbyggjing og næringsutvikling
- å stimulera næringslivet med blant anna:
  - redusert eigedomsskatt
  - selja kommunale eigedommar som kan utviklast av private
  - utvikla nye næringsområde i nærleiken av Fv49
- ein miljøvennleg akvakulturplan for fjorden som legg til rette for næringsutvikling
- å leggja til rette for skånsam utbygging av Eikedalsvassdraget

#### ?ca a i bU'hgUa UfVY]X

Samnanger er ein liten kommune med behov for gode relasjonar til innbyggerane, nabokommunen og fylket. Samnanger Høgre arbeider for:

- betre samarbeid på tvers av regionar og kommunegrensar
- å styrka samarbeidet i kommunen og sikra at Samnanger er ein inkluderande og involverande arbeidsgjevar
- å nytta gode samarbeidspartar til kommunale oppgåver

## Kultur

Det rike og verdifulle organisasjonslivet som er i Samnanger vil Høgre ta vare på.

Samnanger Høgre vil:

- støtta organisasjonslivet (idrett/musikk/andre)
- auka tildeling av kulturmidlar
- setja av midlar til revisjon av bygdebok

Høgre vil søkja samarbeid med andre parti i kommunestyret for å nå flest mogleg av måla me har sett.

**GODT VAL!**

## Samnanger Høgre sine kandidatar for valet 2023

|                             |         |          |
|-----------------------------|---------|----------|
| 1. Arild Røen,              | f.1958, | Rødne    |
| 2. Malin Foss-Reistad,      | f.1988, | Rødne    |
| 3. Torgeir Borge Tysseland, | f.1990, | Ådland   |
| 4. Thorvald Moe,            | f.1995, | Rødne    |
| 5. Eva Hellevang,           | f.1947, | Haga     |
| 6. Stein Odvar Kleppe,      | f.1971, | Heiane   |
| 7. Kjell Roar Nordvik,      | f.1965, | Reistad  |
| 8. Vibeke Bohre Våge,       | f.1946, | Rolvsvåg |
| 9. Roar Arnfinn Carlsen,    | f.1955, | Tveit    |

Samnanger Høgre

